



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 23/2015

Møtedato: 2.9.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S847, Kvålsstølen – søknad om kokehus og fjøs

Fjellstyret mottok den 3. juni følgjande søknad frå Knut Storhaug om å få føre opp nytt sel og fjøs på stølen på Kvålsstølen:

Søker med dette om byggeløyve for sel og fjøs på stølen til Snorheim beliggende på Kvålsstølen. Eg har kjøpt det gamle tømra fjøset på Handestølen på Trollhovd og vil berge dette frå nedrivning og fløta det til min støl for å bruke det her.

Har også ei hytte som skal fjernes frå sitt noverande ståsted ved Flydammen pga nybygg, hytta måler 5x8m pluss inngangspartiet, vil fløta denne og bruke denne som sel da det gamle selet på Bakkostølen er i dårlig forfatning, råte i gulv og vegger og vindauger, tenkte da å plassere denne etter øvre kant på tunet. Driv med planer om å starte mjølkeproduksjon og foredling/salg frå stølen.

Fjellstyret bad om tilleggsopplysningar og mottok følgjande den 9. juni:

Med hensyn til det gamle selet så vil eg sjå det litt ann, men som tidligere skrevet er det råte i gulv og vindauge, eg har ikkje sjekket noe på det men vil anta det kan vera råte etter øvre vegg også da det er lav mur etter den siden, det er tidligere revet vekk 2 små rom på sidene av inngangen, antar det var pga råte, det er også kun eit soverom så det kan bli aktuelt å rive og bygge nytt eller det kan kanskje brukes som kokehus. Eg har vert i kontakt med mattilsynet mht utforming og krav til kokehus, dei vil vera med på ei befaring.

Søkjaren opplyser at han driv stølen med mjølkeproduksjon, fôrproduksjon og beite. Landbrukskontoret opplyser at han hatt drift med ammekyr og andre storfe. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Søknaden er Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale, men det er for kort frist til at ein kan rekne med svar.

Sidan det ikkje ligg føre nødvendige opplysningar i saka er det ikkje laga saksutgreiing for endeleg behandling av saka. Ved ei utsetting vil søkjar også kunne få avklara nærare kva husa skal brukast til.

Søkjær opplyser at han har frist til starten av juli med å fjerne hytta han skal overta. Han ynskjer derfor å plassere hytta midlertidig ved stølen om fjellstyret ikkje får behandla søknaden på møte i juni. Hytta vil då bli liggande på stolpar som er brukt under transporten og det vil ikkje blir laga til grunnmur før fjellstyret har behandla saka.

I sak 19/2015 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret utsett saka til neste møte slik at alle partar får tid til å uttale seg. Fjellstyret har ingen merknader til at hytta som skal flyttast blir ståande midlertidig ved stølen fram til fjellstyret får behandla søknaden.

Oppland fylkeskommune har i brev den 2.7.15 gjeve uttale med følgjande konklusjon:

Kulturarvenheten mener disse bygningene kan passe godt inn i stølsmiljøet og har på denne bakgrunn ingen innvendinger mot at de omsøkte bygninger blir gjenreist på denne stølen. Det bør påses at bygningene blir gjenoppført mest mulig i sin opprinnelige stil, og gjerne med ytterligere tilpasninger til stølsmiljøet på stedet.

All riving, demontering og gjenreising bør skje varsomt slik at verdifulle spor, materialer og detaljer tas vare på og kan gjenbrukes. Det bør stilles vilkår om gjenoppføring innen rimelig tid slik at ikke verdifulle bygningsmaterialer blir ødelagt eller skadet.

Knut Storhaug var på fjellstyrekontoret den 26. august og orienterte om søknaden. Han ynskjer å føre opp hytta som han har flytta som eit kokehus på stølen, ikkje som sel. Drifta på garden er mjølkekyr (4 i dag, men skal ha 6-8), ammekyr (16) og fôringsdyr (varierende antall). Han skal drive foredling på stølen og treng kokehus til dette. Fjøs som skal flyttast skal erstatte det han har i dag. Det gamle fjøset skal rivast og det nye skal førast opp på same plass.

Statskog har i brev datert 27.8.15 gjeve følgjande uttale:

Det vises til oversendt søknad og utdypende informasjon om tiltak på Snorheimstølen, fnr 847. Det søkes om riving av eksisterende fjøs og flytting og oppsetting av annet fjøs på samme tomt, samt oppsetting av en annen eldre bygning som kokehus på stølen. Stølen er i drift, og søker har planer om å øke antall dyr og starte foredling på stølen. Statskog gir uttalelse etter seterforskriftens § 10.

Dagens fjøs opplyses å være i dårlig stand. Statskog ser behovet for utbedring av fjøset så lenge det er dyr på stølen. Det blir opp til fjellstyret å vurdere det konkrete behovet i lys av gårds- og stølsdrifta, men Statskog har ingen innvendinger til at fjøset rives og det flyttes inn et annet fjøs på samme tomt. Det søkes også om å få flytte ei gammel hytte inn på stølen. I første søknad var det tenkt at hytta skulle erstatte eksisterende sel på grunn av store råteskader, men det er nå tenkt at hytta skal være kokehus i forbindelse med planlagt foredling på stølen. Det kommer ikke frem av den utfyllende informasjonen hva som da er tenkt gjort med det gamle selet som er beskrevet å være i dårlig forfatning, men det antas at det da er tenkt benyttet videre som sel. I samsvar med seterforskriften forventes det at fjellstyret gjør en konkret vurdering av behovet for kokehus, det vil si en vurdering av søkers planer for fremtidig drift. Statskog har ingen innvendinger til tiltaket så lenge det foreligger driftsmessig behov.

Fjøs er eit nødvendig bygg når ein driv med mjølkeproduksjon og det bør vera ei kurant sak å få erstatte dette. Søkjar skal drive med foredling på stølen. Det er særskilte krav som blir stilt til slik produksjon som gjer at ein ikkje kan drive slik produksjon i dei andre husa. Søkjar har derfor behov for idet omsøkte kokehuset. Når det gjeld det eksisterande selet vil søkjar bruke dette som sel inntil han får avgjort om det skal restaurerast eller byggast nytt. Fjellstyret bør derfor kunne godkjenne søknaden med bakgrunn i behov ut frå drifta.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte fjøs og kokehus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande fjøs blir fjerna og nytt ført opp på same plass. Fjellstyret ber søkjar om å følgje tilråding frå Oppland fylkeskommune.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte fjøs og kokehus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande fjøs blir fjerna og nytt ført opp på same plass. Fjellstyret ber søkjar om å følgje tilråding frå Oppland fylkeskommune.

Fjellstyret vil presisere at husa berre kan brukast til det formål det er søkt om og at dei ikkje kan innreiast til beboelse.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Storhaug
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskomme